

Copacabana i barnehagen

20.10.2011



Ikkje på Copacabana men i Uskdalen

Denne veka treng ein ikkje dra til Brasil for å oppleva badestranda Copacabana eller regnskogen i Amazonas - ein kan berre ta ein tur innom Bamsebu-avdelingen i den kommunale barnehagen i Uskedalen. Der utfaldar livet seg på brasiliansk vis som eit ledd i det fleirkulturelle venskapsprogrammet som barnehagen er i ferd med å avvikla. Det er igjen ein naturleg konsekvens av at Uskedalen og barnehagen har vorte fleirkulturell.



Bamsebugjengen klare til å bli brasiliansarar

6 nasjonar er representert i avdelingen for dei frå 3 til 6 år og desse landa er Noreg, Russland, Italia, Brasil, Filippinene, og Litauen. Det er viktig å læra ungane noko om andre kulturar så tidleg som mogeleg og dei ansatte er imponerte over kor fort dei lærar,

Kjekke og tenesteviljuge foreldre er også til stor hjelp med opplegget og ungane sjølve er i høgaste grad med og bestemmer programmet vidare.

Aktuelle stikkord for alla landa er naturleg nok mat, sang og musikk, leiker, eventyr, teikning, måling og ikkje minst geografi. I Brasil-opplegget har det sjølvsagt også vore innslag av samba og fotball!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Skulekameratane snart klare til serveringsjobb